

Arkiv: FA-M03
JournalpostID: <jpID> 20/20141
Saksbehandlar:
Dato: 21.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
044/20	Alver formannskap	30.04.2020
030/20	Alver kommunestyre	14.05.2020

Tilleggsfinansiering prosjekt 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit og 36006 Veg Holme-Tveit

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett i 2020 for følgjande prosjekt:

- 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit - kr 9,424 mill eks. mva. Auka på kr 2,5 mill eks mva vert delt likt mellom lånemidlar på vatn- og avlaupsbudsjettet.
- 36006 Veg Holme-Tveit - kr 9,375 mill inkl mva. Tilleggsfinansieringa på kr 2,5 eks mva vert finansiert ved bruk av lånemidlar. Dersom kommunen får tilskot av fylkeskommunen fell løyvinga bort.

Alver formannskap 30.04.2020:

Behandling:

Orientering ved tenesteleiari Line Merethe Valle
Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FO- 044/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett i 2020 for følgjande prosjekt:

- 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit - kr 9,424 mill eks. mva. Auka på kr 2,5 mill eks mva vert delt likt mellom lånemidlar på vatn- og avlaupsbudsjettet.
- 36006 Veg Holme-Tveit - kr 9,375 mill inkl mva. Tilleggsfinansieringa på kr 2,5 eks mva vert finansiert ved bruk av lånemidlar. Dersom kommunen får tilskot av fylkeskommunen fell løyvinga bort.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Behandling:

Innstillinga frå formannskapet samråystes vedteke.

KO- 030/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett i 2020 for følgjande prosjekt:


- 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit - kr 9,424 mill eks. mva. Auka på kr 2,5 mill eks mva vert delt likt mellom lånemidlar på vatn- og avlaupsbudsjettet.
- 36006 Veg Holme-Tveit - kr 9,375 mill inkl mva. Tilleggsfinansieringa på kr 2,5 eks mva vert finansiert ved bruk av lånemidlar. Dersom kommunen får tilskot av fylkeskommunen fell løyvinga bort.

Politiske handsaming

Saka skal til innstilling i Formannskapet
Saka skal avgjera i Kommunestyret

Bakgrunn

Mellan Holme og Tveit i tidlegare Meland kommune pågår det arbeid med eit nytt VA-anlegg. Hovudformålet er å sanere avlaup frå busetnaden i området og legge ny vassleidning med større dimensjon. Prosjektet heng saman med ferdig tilrettelagt saneringsprosjekt for området Brakstad - Tveit, i samband med framføring av ny hovedleidning for vassforsyning i dette området. Etappen Holmeknappen – Tveit er eitt av dei siste delprosjekta i dette relativt store løftet som starta i 2011. Pågåande VA-prosjekt (prosjektnr 35024) inkluderar også opprusting av delar av fylkesveg 247 (prosjekt nr 36006) ettersom det ikkje er mogleg å leggje VA-leidningen utan å gjere tiltak på fylkesvegen. I 2019 fekk Meland kommune 5 mill kr i tilskot fra fylkeskommunen for å utbetre vegen.



Svart ring i kartet viser lokalisering av anlegget.

Under gjennomføringa av prosjektet har ein støtt på uføresette tilhøve. Anlegget har også tidlegare hatt større tilleggskostnader grunna svært dårlig fjell i boreholet for utsleppsleidninga jf. kommunestyresak 46/2019 i Meland kommune. Kostnadsauka no kjem hovudsakleg av tilhøve knytt til fylkesvegen.

Når kommunen utbetrar fylkesvegar må vi følgje krava i vegvesenet sine handbøker. Dette har ført til store kostnader på den delen av trasèen kommunen har fått tilskot til. Mellom anna har vi måtte køyre vekk mykje god sprengstein og erstatte med innkjøpt grovpukk. For å få god nok sikt har vegen blitt seinka fleire stader, heilt opp mot 2,7 m ein stad. Ved Blåklokka barnehage er vegen heva 1,7 m, noko som medfører at kommunen må byggje mur. Heving og seinking av vegen har også ført til at eksisterande avkjørsler har måtte leggjast

om/tilpassast. Kommunen har også lagt store overvassrøyr på 1000 mm under vegen på tre stader for å handtere vegvatn.



Ein større del av meirkostnadene for vegen gjeld masseutskifting då vegen på eit langt parti ligg på jord. Bygginga av VA-grøfta i kommunen sitt saneringsprosjekt vil difor føre til at vegen rasar ut dersom den ikkje vert masseutskifta. Vidare sprengjer kommunen ut mykje fjell langs vegen for VA-grøfta som vesentleg betrar sikta. Vi skifter også stikkrenner, reasfalterer delar av vegen og fundamentarer for ei eventuell framtidig vegutviding /gang-sykkelveg på strekninga over VA-grøfta.

Vurdering

På bakgrunn av desse meirkostnadene har kommunen tatt kontakt med fylkeskommunen for å undersøke om det kan vere mogleg å få ytterlegare tilskot til prosjektet. Fylkeskommunen meiner at det er kommunen sin risiko for kostnadsoverskridingar for område kommunen allereie har søkt om tilskot til, men at det kan vere mogleg å få tilskot til den delen av fylkesvegen som det ikkje allereie er omsøkt.

Kartet til venstre viser at det er den nedste delen av trasèen som er omfatta av tidlegare søknad, medan den øvste (raude) trasèen ikkje tidlegare er omsøkt.

Rådmannen har laga ein kalkyle på meirkostnader på kr 5 mill eks mva for denne delen av trasèen, og det er søkt om at fylkeskommunen kan dekke halvparten av denne meirkostnaden.

Søknaden er nyleg sendt inn og Rådmannen avventar svar frå fylkeskommunen. Det er enno ukjart om kommunen vil få innvilga søknaden. Det vert difor bede om at prosjektet vert fullfinansiert basert på den nye kalkyla, uavhengig av om kommunen får midlar frå fylkeskommunen eller ikkje.

